

Smartpark Drift AS
Lønningshaugen 2
5258 BLOMSTERDALEN

Dato: 31.05.2017
Vår ref.: 2017/234-11
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve - melding om vedtak og oversending av ruteløyvedokument

Vi viser til brev av 28.02.17 frå Garmann, Mitchell & Co Advokatfirma ved Arild Solheimsnes, på vegne av dykk, om ruteløyve.

Fylkesutvalet gjorde i møte 23.05.17 følgjande vedtak:

Fylkesutvalet tildeler Smartpark Drift AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen – Bergen Lufthamn. Løyvet gjeld for ti år.

Ved fornying av materiell vert Smartpark Drift AS oppmoda til å nytte meir miljøvenleg teknologi.

Vi gjer merksam på at løyve gjev rett og plikt til å drive rutetransport etter yrkestransportlova § 2 (1), jf. yrkestransportforskrifta § 25. Ruteløyvet gjev ikkje rett til å drive drosjetransport eller liknande etter § 4 eller § 9 i lova.

Vi gjer vidare merksam på at diskriminering av passasjerar på grunn av nedsett funksjonsevne som hovudregel er forbudt, jf diskrimineringslova §§ 5, 6 og 7. Det er i forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. fastsett konkrete krav til vognmateriell som vert nytta i rutetransport.

Vedlagt følgjer ruteløyvedokument. Originalen skal oppbevarast på hovudkontoret. Kopi skal følge motorvognane som vert nytta i drifta, saman med turvognløyvedokument og dokumentasjon på dispensasjonsrett over motorvognane.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.